



Årsmelding 2005



NOREGSMUSIKKHØGSKOLE
Norwegian Academy of Music

REKTORS INNLEIING	03
STYRETS ÅRSMELDING	04
Oversikt over verksemda	04
Styringsorgan og administrasjon	06
Organisasjon og miljø	07
Høgskolens verksemd og resultat i 2005	11
Strategiske planar og utfordringar	15
NOKRE HØGDEPUNKT FRÅ ÅRET 2005	17
ÅRSREKNESKAP 2005	18
REVISJON AV REKNESKAPEN FOR 2005	27



Rektors innleiing



På god veg

Året 2005 har vore eit godt år for Noregs musikkhøgskole. Høgskolen har halde eit høgt aktivitetsnivå og resultatane har vore gode.

Studiepoengproduksjonen har vore høg, med 56,7 studiepoeng pr heiltidsstudent. Samstundes har den internasjonale utvekslinga vore omfattande. Medan 25 % av avgangsstudentane har gjennomført eit utvekslingsopphald i løpet av studiet, har 25 % av dei fast tilsette lærarane delteke i internasjonale utvekslingar i 2005. Berre ein gong tidlegare har høgskolen hatt høgare søkjartal. I alt melde 1190 søkjarar seg til 235 ledige studieplassar.

Konsertverksemda er eit sentralt presentasjonsvindaug for studentane si utdanning og lærarane si kunstnarlege FoU-verksemd. Verksemda har vore omfattande, med i alt 332 konsertar som har vore vitja av eit publikum på meir enn 10 000. Både på det kunstnarlege og det vitenskaplege feltet har fagleg tilsette og høgskolens studentar utmerka seg internasjonalt.

Høgskolen har ei brei kontaktflate, og har i 2005 hatt god kontakt med andre utdanningsinstitusjonar på alle nivå, frå universitet og høgskoler til kulturskular og grunnskular og med ei rekkje kulturinstitusjonar.

Etter eit underskot i 2003, har Noregs musikkhøgskole gjennom stram økonomistyring i 2004 og 2005 oppnådd god balanse og kontroll i økonomien.

Gjennom heile 2005 har musikkhøgskolen vore prega av byggjearbeid. Dette omfattar utviding av bibliotek, kantineområde og administrasjonsareal i eksisterande bygg, samt reisinga av det 7000m² store tilbygget som vil stå klart for overtaking i 2006. Dette vil mogleggjera ei etterlengta samlokalisering av verksemda frå 1. januar 2007.

I høve innføringa av ny styringsstruktur ved høgskolen frå 1.1. 2006, vart det sitjande styre og rektorat sin funksjonsperiode forlenga med eit halvt år, fram til same dato. Den nye strukturen inneber ei styrking av den faglege leiinga, ei betre styring av dei ulike studieprogramma gjennom opprettinga av sju programutval og ei organisering av fagpersonalet i seksjonar. Nytt rektorat vart valt i oktober 2005.

Eirik Birkeland
rektor



Styrets årsmelding

04

1 Oversikt over verksemda

Verksemda sin art og lokalisering

Noregs musikkhøgskole er ein av seks vitenskaplege høgskular i Noreg. Som vitenskapleg høgskole har Noregs musikkhøgskole eit særleg ansvar for høgare utdanning, forskarutdanning, grunnforskning og kunstnarleg utviklingsarbeid innan sitt fagfelt. Verksemda er underlagd Lov om universiteter og høgskoler.

Noregs musikkhøgskole er landets fremste musikk-utdanningsinstitusjon, og har ein sentral posisjon i norsk musikkliv.

Høgskolen skal på høgste nivå utdanna utøvande og skapande musikarar, musikkpedagogar og musikkterapeutar, vera eit kunstnarleg kraftsentrum og driva forskning og kunstnarleg utviklingsarbeid innan musikkfag.

Studietilboda er prega av høg kvalitet innan eit breitt spekter av valtilbod på alle nivå. Høgskolen er ein av dei største konsertarrangørane i Oslo, med over 300 konsertar i året. Høgskolen har fokus på vidareutvikling av gode studieprogram, for å kunna stetta samfunnets skiftande behov for høgt kvalifisert arbeidskraft med musikkfagleg bakgrunn.

Høgskolen tilbyr eit godt og stimulerande studie miljø. Musikkhøgskolens lokalar ligg på Majorstua og Carl Berner. Eit tilbygg på 7 000 m² brutto er under oppføring og vil vera ferdig i 2006. Då vil all aktivitet vera lokalisert i føremålstenlege lokalar på Majorstua.

Studietilbod

Frå hausten 2004 har Noregs musikkhøgskole fylgjande studietilbod:

Bachelorstudier (4-årige)	Mastergradsstudier	Vidareutdanningsstudier
Utøving (klassisk, improvisert musikk/jazz og folkemusikk)	Utøving Dirigering	Praktisk-pedagogisk utdanning Musikk og helse
Kyrkjemusikk	Komposisjon	Komponering/instrumentering
Komposisjon	Kyrkjemusikk	Anvendt musikkteori
Musikkpedagogikk	Musikkpedagogikk	Ensembleleiing I og II
Det frie kandidatstudiet	Musikkterapi	Årsstudium i kyrkjemusikk I og II
	Anvendt musikkteori	Minoritetskulturar i musikkundervisning

Hovudtal frå verksemda

	2005	2004	2003	2002	2001
Studentar					
Registrerte studentar ¹⁾	549	515	519	517	515
Opptakstal	235	214	203	208	189
Søknadstal	1 190	1 240	1 050	1 038	910
Utvekslingsstudentar ²⁾	47	38	37	37	62
Ant. studentar pr fagleg tilsett ³⁾	5,1	4,8	4,8	4,7	5,2
Produksjon					
Årseiningar à 60 studiepoeng	446	435	390	386	336
Ant. studiepoeng pr student ⁴⁾	48,7	50,3	44,8	44,3	39,9
Master-/ hovudfagskandidatar	103	121	120	106	88
Doktorgradskandidatar	-	2	1	1	-
Tilsette, årsverk					
Ordinær verksemd	144,7	143,3	146,1	146,3	-
Andel kvinner	37,4	36,2	34,9	33,2	-
Stipendiatar	11,0	10,8	7,0	7,0	-
Lærarutveksling ²⁾	51	45	29	34	32
Inntekter, mill kr					
Ordinær verksemd	157,7	126,4	121,4	103,4	-
Eksternt finansiert verksemd	2,5	1,9	1,9	1,2	1,2

Kjelde: DBH – Database for statistikk om høgare utdanning

- 1) Oppgjev talet på registrerte studentar i haustsemestret. Ein del av desse er deltidsstudentar. Talet på heiltidsstudentar er omlag 465 for alle åra.
- 2) Gjeld både inn- og utreisande.
- 3) Gjeld talet på registrerte studentar og faglege årsverk
- 4) Gjeld talet på studiepoengproduksjon pr registrert student

- Høgskolen har god søking til studia. I 2005 var det 1 190 søkjarar til 235 studieplassar. Søkjartalet i 2005 er det nest høgaste som nokon gong er registrert.
- Høgskolen har høg studiepoengproduksjon. Gjennomsnittleg studiepoengproduksjon pr registrerte student var 48,7 studiepoeng, medan gjennomsnittleg studiepoengproduksjon pr heil tidsstudent var 56,7 studiepoeng i 2005.
- Høgskolen har særskild høg aktivitet innanfor lærar utveksling med andre land. Omlag 25 % av studentane gjennomfører eit utvekslingsopphald i løpet av studiet. Omlag 25 % av dei fast tilsette lærarane gjennomførte eit utvekslingsopphald i 2005.
- Høgskolen har ei omfattande konsertverksemd. I 2005 vart det produsert i alt 332 konsertar med eit samla publikum på omlag 10 500 tilhøyrarar.
- Høgskolen hadde ein inntektsauke på 31,9 mill kroner (25 %) frå 2004 til 2005. Statstilskotet frå UFD auka med 30,9 mill kroner. Dette skuldast 26,5 mill kroner i øyremerka midlar til investeringar og auka inntekter frå studiepoengproduksjonen. For øvrig er det ei auking i inntektene frå eksternt finansiert verksemd og sal av utstyr. Det er i 2005 gjennomført omfattande tiltak for å styrkja økonomistyringa.



2 Styringsorgan og administrasjon

Styret ved Noregs musikkhøgskole

Styret er høgskolen sitt øvste styringsorgan. Det er samansett i samsvar med krava i lov om universitet og høgskular. Styret har 11 representantar: 4 vitskapleg tilsette, 2 studentar, 1 teknisk-administrativt tilsett og 4 eksterne representantar som er oppnemnde av Utdannings- og forskningsdepartementet.

Styret si samansetting i 2005:

Rektor og styreleiar	Harald Jørgensen, professor
Prorektor	Frøydis Ree Wekre, professor
Vitskapleg tilsette	Bente Almås, førstelektor Eirik Birkeland, førsteamanuensis
Teknisk og administrativt tilsette	Nils Valøen, rådgjevar
Studentar	Petter Langfeldt Carlsen Gunnlaug Gilje Svela
Eksterne medlem	Holger Gulbrandsen, programprodusent Gunnar Thon Lossius, seniorrådgjevar Hege Marie Norheim, assisterande direktør Kathrine Skretting, professor

Rektoratet og styret sin arbeidsperiode var til 31.12.2005.

Hausten 2005 vart det gjennomført val av rektor og prorektor. Førsteamanuensis Eirik Birkeland vart valt til ny rektor og førsteamanuensis Ingrid Maria Hanken vart valt til ny prorektor. Det vart òg valt nytt styre.



Fagleg og administrativ leiing

I perioden 2000 til 2005 har den faglege verksemda ved Noregs musikkhøgskole vore organisert i tre institutt:

- Institutt for orkesterinstrument
- Institutt for vokal-/instrumental utøving og kyrkjemusikk
- Institutt for musikkpedagogikk, musikkteori og skapande musikkfag.

Instituttstyra vart leia av ein valt instituttleiar.

Arbeidet med ny intern styringsstruktur vart slutført i 2005. Ny styringsstruktur er implementert frå 1. januar 2006.

Den administrative verksemda vert leia av administrerande direktør Tove Kristin Karlsen. Administrasjonen er delt inn i tre seksjonar: Økonomiseksjonen, Studieseksjonen, Drift, personal og IKT seksjonen. I tillegg rapporterer høgskolebiblioteket til administrerande direktør. Ei ny stilling som FoU-rådgjevar vart oppretta i 2005 i stab under direktøren. Informasjonsrådgjevar ligg òg i direktørens stab.

3 Organisasjon og miljø

Organisasjonsutvikling

Arbeidet med ny intern styringsstruktur og organisasjon vart slutført i 2005. Høgskolen held fram med ordninga med valt rektor og prorektor, og med rektor som leiar av styret.

Hovudfokus i arbeidet med ny intern styringsstruktur har vore å leggja til rette for god styring og utvikling i studietilboda. Denne prosessen resulterte i vedtak om at høgskolens faglege verksemd frå 1. januar 2006 skal verta styrt gjennom tre sentrale utval; Studieutval, FoU-utval og Konsertutval. Frå det same tidspunktet er dei tidlegare institutta avvikla. Under Studieutvalet er det oppretta ei rekkje programutval for studia. Ved sidan av denne strukturen er dei fagleg tilsette organiserte i fagseksjonar.

Hausten 2005 vart det vedteke ein ny bemanningsplan for administrasjonen for å betre å kunna støtta den omorganiserte faglege leiinga og dei tre hovudverksemdsområda ved høgskolen. FoU- og økonomiområdet vart styrkt i 2005. I 2006 vil det bli oppretta ei ny avdeling for kommunikasjon og samfunnskontakt.

Tilsette

Tabellen under syner årsverk ved Noregs musikkhøgskole hausten 2005. Undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar utgjer 74,1 prosent av dei 144,7 årsverka ved høgskolen. Medrekna timelærarar er prosenten 76,0. Mellom dei faste vitenskaplege tilsette har 66,0 prosent professor- eller førsteamanuensis-kompetanse.

Årsverk 2005

Stillingstype	Grunnbudsjett		Eksternt finansiert	Totalt antal	
	Fast tilsett	Midl.tilsett			Prosent kvinner
Undervisnings-, forskings- og formidlingsstillinger	106,9	0,3	-	107,2	29,8
- derav professor	33,0		-	33,0	9,1
- derav førsteamanuensis	37,5	0,3	-	37,8	23,6
- derav amanuensis			-		
- derav førstelektor	7,3		-	7,3	72,4
- derav universitetslektor/høgskolelektor	14,9		-	14,9	43,0
- derav rekrutteringsstillinger	11,0		-	11,0	67,3
Støttestillinger for undervisning, forskning og formidling	7,0	-	-	7,0	54,3
- derav bibliotekstillinger	5,0	-	-	5,0	76,0
- derav tekniske stillingar	2,0	-	-	2,0	0,0
Drifts- og vedlikehaldsstillinger	1,5	-	-	1,5	0,0
Administrative stillingar	24,2	2,2	-	29,0	63,1
- derav leiarstillinger	1,0	-	-	1,0	100,0
- derav mellomleiarstillinger	2,0	1,0	-	3,0	33,3
- derav saksarbeidarstillinger	21,5	3,5	-	25,0	65,2
Totalt antal stillingar	139,9	4,8	-	144,7	37,4



Likestilling

Noregs musikkhøgskole har eit eige likestillingsutval.

Kvinneandelen i undervisnings- og forskingsstillingar er 29,8 prosent. Framleis er kvinneandelen låg blant professorane, og det er ei prioritert oppgåve å auka kvinneandelen i dei høgaste vitenskaplege stillingskategoriane.

Likestillingsutvalet sin gjennomgang av lønsnivået i 2004 dokumenterte ingen skilnad i løn mellom kvinner og menn i same stillingskategori.

Tabellen nedanfor syner kjønnsfordelinga i leiarstillingar pr 1. oktober 2005:

	Menn	Kvinner
Rektor	1	
Prorektor		1
Direktør		1
Seksjonsleiar	2	1

Sjukefråvær

Noregs musikkhøgskole hadde i 2005 eit legemeld sjukefråvær på 3,1 prosent (sjukefråvær utover 3 dagar). Til samanlikning er det legemelde sjukefråværet på landsbasis 6,5 prosent. Det eigenmelde sjukefråværet var på 0,4 prosent (1 – 3 dagar), medan det var 1,2 prosent på landsbasis. Høgskolen har ikkje inngått samarbeidsavtale om inkluderande arbeidsliv.

Helse, miljø og tryggleik

Noregs musikkhøgskole si HMS-handbok ligg til grunn for HMS-arbeidet ved høgskolen. Vidare har høgskolen eit arbeidsmiljøutval og ei verneombodsordning. Høgskolen har planar for branntryggingstiltak og det er gjennomført brannvernrundar med

Oslo brann- og redningsetat. Utskifting av høgskolen sitt brannvarslingsanlegg vil verta avslutta tidleg i 2006.

Statsbygg er huseigar og ansvarleg for vedlikehald av eigedomane. Vedlikehald inngår i Statsbyggs HMS-retningsliner i dokumentet deira "IK eigedom Statsbygg".

I 2005 er det gjennomført støymålingar i resepsjonen i 1. etasje. Målinga synte eit uforsvarleg høgt støynivå i området. Det er i sett i gang ei vurdering av tiltak for å dempa støybelastninga på arbeidsplassane i området.

Bygninga på Carl Berner har dårlegare fysisk arbeidsmiljø enn bygninga på Majorstua. Det er ikkje gjort noka generell oppussing av studiestaden i 2005 i og med at høgskolen skal flytta frå bygninga ved årsskiftet 2006/2007.

Høgskolen har oppnemnt AKAN-kontakt. I somme tilfelle i 2005 er det henta inn spesialkompetanse for å hjelpa til ved konflikthandtering.

Læringsmiljøutvalet ved Noregs musikkhøgskole er samansett av tre studentar og tre tilsette. Det vert lagt vekt på å utforma lokala slik at dei skal kunna nyttast av alle. Høgskolen satsar på oppbygging av eit trådløst nettverk og lagleg tilkomst til PC for studentane. Vidare har høgskolen eit system med kontaktpersonar for funksjonshemma studentar.

Ytre miljø

Noregs musikkhøgskole driv ikkje verksemd som ureinar det ytre miljøet. Miljøtiltak som vert særleg fokuserte er:

- avfallshandtering
- energioptimalisering



4 Høgskolens verksemd og resultat i 2005

11

Den økonomiske situasjonen

Rammevilkåra

Noregs musikkhøgskole har sidan 2004 hatt unntak frå statens bruttobudsjetteringsprinsipp. Som nettobudsjettert institusjon får høgskolen ei netto løyving over utgiftspost 50 på statsbudsjettet. I tillegg vert eksterne inntekter disponerte fullt ut til verksemda sitt føremål.

Høgskolen er hovudsakleg finansiert av statleg grunnløyving. I tillegg får høgskolen nokre øyremerka offentlege tildelingar, inntekter frå eksternt finansiert verksemd, kursavgifter i høve etter- og vidareutdanningsverksemda, samt andre salsinntekter og refusjonar.

Årsrekneskapen for 2005 – prinsipp og usikre moment

Årsrekneskapen for 2005 er avlagt i tråd med prinsippa i rekneskapslova og god rekneskapskikk, med tilpassingar for universitets- og høgskolesektoren. Det knyter seg ingen særskilde usikre faktorar til rekneskapen, og det er ikkje rekneskapsført ekstraordinære inntekter eller kostnader. Det har ikkje gjort seg gjeldande noko tilhøve av vesentleg betydning for institusjonen si økonomiske stoda etter at rekneskapen for 2005 vart avslutta.

Omfang og resultat av løyvingsfinansiert verksemd

Noregs musikkhøgskole har for verksemdsåret 2005 fått løyvingar frå Utdannings- og forskningsdepartementet på 154,7 million kroner. Av desse er mellom anna 25,5 million kroner øyremerkte utstyr og inventar i tilbygget. I tillegg kjem ei løyving frå Kyrkje- og kulturdepartementet på 825 000 kroner.

Øvrige inntekter tilknytte den løyvingsfinansierte verksemda i 2005 var på 2,1 million kroner.

Av desse utgjer mellom anna kursavgifter 282 000 kroner, lønsrefusjon i høve undervisningstiltak omlag 625 000 kroner, og inntekter frå sal av flygel 300 000 kroner.

Noregs musikkhøgskoles løyvingsfinansierte verksemd (BFV) hadde ved rekneskapsårets slutt unnytta midlar på 38,074 million kroner som er overført til 2006 for å finansiera forpliktingar frå 2005. Brorparten av avsetjinga er oppbunden i pågåande tiltak. 24,9 million kroner er bundne opp til investeringar i høve tilbygget. 0,3 million kroner er bundne til løyvingsfinansierte prosjekt. Andre avsetjingar ligg det ikkje eksterne føringar på, og styret ved høgskolen disponerer dei i samsvar med høgskolens mål.

Omfang og resultat av eksternt finansiert verksemd

Inntektene frå den eksternt finansierte verksemda (EFV) var 2,5 million kroner i 2005. 2,2 million kroner kjem frå internasjonaliseringsprosjekt i høve undervisning og fagleg verksemd, av desse kjem 0,7 million kroner frå NORAD, 0,4 million kroner frå EU/Erasmus og 1,0 million kroner frå Nordplus-nettverket. 0,1 million kroner er knytt til forskingsoppdrag, medan 0,2 million kroner er knytt til konsertverksemd.

Den eksternt finansierte verksemda ved Noregs musikkhøgskole er ikkje å karakterisera som oppdragsverksemd.

Balanse og likviditet

Unytta midlar frå verksemda i 2005 er handsama som avsetjingar for forpliktingar.

Høgskolen hadde ved slutten av året 62,1 million kroner i omløpsmidlar, av desse var 56,6 million kroner likvide midlar plasserte i samsvar med statens konsernkontoordning. Høgskolen har ikkje anleggsmidlar aktiverte i rekneskapen.



Utdanning

Studentar og studiepoengproduksjon

Hausten 2005 var det registrert totalt 549 studentar ved høgskolen. Ein del av desse var deltidsstudentar. Omrekna til heiltidsstudentar er studenttalet omkring 465 som er normtalet for Noregs musikkhøgskole. Studenttalet har vore stabilt sidan samanslåinga med Austlandets musikkonservatorium i 1996.

Søkinga til dei ulike studietilboda er særleg god og har vore aukande dei siste åra. Søkjartalet i 2005 er det nest høgaste som er registrert. Studiepoengproduksjonen auka frå 2004 til 2005. Gjennomsnittleg studiepoengproduksjon pr heiltidsstudent var 56,7 studiepoeng i 2005 når det vert korrigert for deltidsstudier, permisjonar osv. Dette er særleg tilfredsstillande.

Student- og lærarmobilitet

Noregs musikkhøgskole har inngått avtaler med 40 institusjonar for utveksling innan Erasmus/Socrates og deltek òg i Nordplus-nettverk som omfattar 30 nordiske musikkutdanningsinstitusjonar. I tillegg er det samarbeidsavtaler med 5 institusjonar utanom EU (Sveits, Australia, Sør-Afrika og USA).

I 2005 hadde høgskolen 20 utreisande studentar og tok i mot 27 innreisande studentar. Omlag 25 % av dei ordinære studentane gjennomførte eit utvekslingsopphald i løpet av studiet. Mellom dei fagleg tilsette har 20 personar (25 %) delteke på utveksling i samband med mobilitetsprogramma i 2005. I tillegg har høgskolen motteke 31 innreisende.

Kvalitetssikring

Noregs musikkhøgskoles nye kvalitetssikringssystem vart iverksett frå 1. januar 2004. Kvalitetssikringssystemet har hovudfokus på sikring og utvikling av utdanningskvalitet. Dette handlar til dømes om:

- at studentane opplever studiet som meningsfylt
- at undervisning og vegleiing er av høg kvalitet, fagleg og pedagogisk
- at studentane får vegleiing og hjelp når dei har behov for det
- at studentane har eit godt fysisk arbeidsmiljø
- at dei administrative rutinene er gode
- at studentane legg ned forventna arbeidsinnsats i studiet, og at dei tek ansvar for eigen studiesituasjon
- at det er respektfylt dialog mellom studentar, lærarar og administrativt tilsette

Eit viktig tiltak for å vidareutvikla kvaliteten på utdanninga ved høgskolen er å gjennomføra studentevaluering av undervisning, studier og læringsmiljø. Det er oppretta eit eige Utval for utdanningskvalitet under Studietutvalet. Det vert utarbeidd ein årleg rapport om kvalitetsarbeidet som vil leggjast fram for styret i november.

Talentutviklingsprogrammet

Eit nytt nasjonalt talentutviklingsprogram for særskilt talentfulle unge musikarar vart etablert i 2004, med særskild tildeling frå Utdannings- og forskningsdepartementet. Talentutviklingsprogrammet vert drive i samarbeid mellom Noregs musikkhøgskole og dei fem musikkonservatoria. Programmet vert koordinert frå Noregs musikkhøgskole.

Doktorgradsutdanning

Doktorgradsprogrammet

Hausten 2005 hadde Noregs musikkhøgskole 16 studentar innanfor doktorgradsprogrammet. Av desse er 11 stillingar finansierte over høgskolen sitt eige budsjett.

Vitskapleg publisering

	2005	2004	2003
Artiklar i internasjonale tidsskrift	3	2	2
Artiklar i nasjonale tidsskrift	7	2	3
Faglege bøker	4	3	3
Kapittel i faglege bøker/ lærebøker	7	10	10
Vitskapleg rapport ved annan institusjon	2	1	1
Foredrag ved vitskapleg konferanse	3	3	3

Stipendprogrammet for kunstnarleg utviklingsarbeid

Noregs musikkhøgskole har 4 stipendiatar tilknytt Stipendprogrammet for kunstnarleg utviklingsarbeid. Ein av desse er finansiert ved at musikkhøgskolen har omdisponert ei ordinær stipendiatstilling.

Forskning, kunstnarleg utviklingsarbeid og vitskapleg publisering

Eit fleirtal av dei vitskapleg tilsette held på med kunstnarleg verksemd som komponistar eller utøvande musikarar, medan eit mindretal arbeider innan tradisjonell forskning. For å styrkja FoU-verksemda og høvet til fagleg fordjuping for dei tilsette, er det innført ei ordning med differensiert FoU-tid (frikjøp frå undervisning). Høgskolen har utarbeidd ein eigen FoU-rapport for 2005.

Vitskapleg publisering

Omlag 20 personar i det faste personalet held på med tradisjonell vitskapleg verksemd. Produksjonen av publikasjonar er relativt stabil.

I Noregs musikkhøgskoles skriftserie vart det utgjeve 2 skrift i 2005, hovudsakleg med vitskapleg innhald.

Kunstnarleg utviklingsarbeid

Den kunstnarlege verksemda i 2005 omfatta eit stort antal konsertar og komposisjonar. Høgskolen har utarbeidd ein eigen FoU-rapport for 2005.

Det vert gjennomført ei rekkje konsertar som ein integrert del av det faglege og kunstnarlege utviklingsarbeidet ved institusjonen. I alt vart det produsert 332 konsertar ved NMH i 2005, med eit samla publikum på omlag 10 500 tilhøyrarar. Ein betydeleg del av konsertane formidlar resultata frå det kunstnarlege fagpersonalet sitt FoU-arbeid. I den faste serien "Kollegakonsertar" deltok lærarar i kon-

sertar med tema-/programprofil. Tema for 2005 var mellom anna "...på sporet av en tilbakeskuende modernisme!" og "Brahms møter Norden". I serien med "Aargangskonsertar" presenterest óg tidlegmusikk spelt på originalinstrument eller kopiar av slike.

Biblioteket ved Noregs musikkhøgskole

Biblioteket ved Noregs musikkhøgskole er landets største musikkfaglege bibliotek innan høgare musikkutdanning. I tillegg til meir tradisjonelle materialtypar som bøker, tidsskrift, notar og lydopptak, gjev biblioteket tilgong til relevante databasar med kvalitetssikra informasjon gjennom abonnement.

Som første ledd i samlokaliseringa av studiestad Carl Berner og Majorstua vart biblioteket ved studiestad Majorstua i juni flytta til Carl Berner for å gje plass til ombygging og utviding av lokala. På Majorstua vart det oppretta eit mellombels bibliotekskontor for ekspedering av oversendt materiale frå Carl Berner. Ein vesentleg del av ressursane både i vår- og i haustsemestret har vore nytta til førebuing og planlegging av flyttinga til Carl Berner, flyttinga attende i februar 2006, samt arbeidet med innreiinga av nytt bibliotek. I haustsemestret har ei viktig oppgåve dessutan vore å fletta dei to samlingane ved studiestadane saman til ei samling, og å samordna ulike arbeidsrutinar.

Bygningar

Noregs musikkhøgskole sine bygningar vert primært nytta til undervisning og FoU. Konsertsalar og studio tener på mange måtar rolla som laboratorium, og er ein føresetnad for studentaktive læringsformer innanfor høgskolens område. Grunna stort press på konsertsalane i høve til eigne behov er det berre avgrensa utleige av salane.



5 Strategiske planar og utfordringar

15

Noregs musikkhøgskoles strategiske plan for perioden 2003 – 2007 vart vedteken av høgskolestyret 13. desember 2002.

Noregs musikkhøgskoles visjon for planperioden er å verta verdsett som ein av dei fremste institusjonane innan høgare musikkutdanning i Europa. Om me samanliknar oss med dei mest tradisjonsrike og velrenommerte musikkhøgskular i Europa, er me på mange område like gode, og på somme felt i fronten. Dette gjeld til dømes breidda i studietilboda, der dei skapande og musikkutøvande studia er supplerte med musikkpedagogiske og musikkterapeutiske tilbod. Fagpersonalet har vilkår til å gjennomføra kunstnarleg verksemd og vitskapleg arbeid i tilknytning til høgskolen i eit omfang som ikkje er vanleg i det europeiske musikkhøgskolesystemet. Doktorgradsutdanninga, med eit program som kombinerer kunstnarleg og vitskapleg verksemd, skil seg ut i internasjonal samanheng. Eit slikt tilbod på doktorgradsnivå er det få musikkutdanningsinstitusjonar som har.

Organisasjon

Realiseringa av tilbygget på Majorstua i 2006 vil vera ein milepæl i arbeidet med å skapa likeverdige arbeidsforhold for alle dei tilsette. Eit langvarig arbeid med endring av organisasjon og styringsstruktur vil verta implementert frå 2006. Ambisjonen er at den nye strukturen skal gje klårare ansvars- og kommunikasjonslinjer og bidra til betre arbeidsmiljø og resultatoppnåing. Hovudføremålet med den nye ordninga er å få god styring av og utvikling i studietilboda.

Studier og undervisning

Noregs musikkhøgskole har sidan 1996 hatt eit studenttal på 465 heiltidsstudentar. Frå hausten 2006 er høgskolen tildelt 10 nye studieplassar innanfor lærarutdanninga. Høgskolen vil arbeida for ytterlegare auking i antalet studieplassar for å møta samfunnets behov for arbeidskraft med høgare musikkutdanning.

Kvalitetsreformen er gjennomført, og arbeidet med sikring og utvikling av utdanningskvalitet vil stå sentralt i arbeidet i dei næraste åra. Fleire deler av kvalitetssikringssystemet fører med seg nye prosessar og rutinar som det vil ta tid å utvikla fullt ut.

Forskning, utvikling og formidling

I planperioden 2003 – 2007 vil høgskolen konsentrera sin innsats innan forskning og kunstnarleg utviklingsarbeite (FoU) mot to satsingsområde:

- formidling relatert til musikkutøving
- forskning og studier av høgare musikkutdanning

Dei tilsette har ein avtalt tidsressurs til kunstnarleg eller forskingsmessig arbeid. Utover dette kan dei tilsette få tildelt ekstra tid til FoU-arbeid etter søknad og vurdering av prosjekt. Eit viktig kriterium for tildeling av tilleggsressursar er prosjektets potensiale til å utløysa tverrfagleg samarbeid. Eit viktig mål for planperioden er å etablere tverrfaglege miljø som kan utvikla og gjennomføra nyskapande prosjekt.



Eirik Birkeland

Eirik Birkeland
Rektor og styreleiar

Erling Dahl jr.

Erling Dahl jr.

Kari Fasting

Kari Fasting

Kari Gjestebø

Kari Gjestebø

Holger Gulbrandsen

Holger Gulbrandsen

Anne Katrine Bergby

Anne Katrine Bergby

Bjørn F. Boysen

Bjørn F. Boysen

Øivind Varkøy

Øivind Varkøy

Hege Brodahl

Hege Brodahl

Petter Langfeldt Carlsen

Petter Langfeldt Carlsen

Gunnlaug Gilje Svela

Gunnlaug Gilje Svela

Tove Kristin Karlsen

Tove Kristin Karlsen
Administrerende direktør

Nokre høgdepunkt frå året 2005

Januar

Vinterlydfestivalen vert lansert med tematikken "...på sporet av 1920-tallet og det eksperimentierende USA". I løpet av 5 vinterdagar inviterer Noregs musikkhøgskole til eit djupdykk i vår nære fortids og eiga samtids musikk. 180 studantar og lærarar deltek i festivalen sine ni konsertar.

Februar

Året er prega av ombygging og tilbygg på studiestad Majorstua. Tilbygget ved nordfløyen reiser seg, og det er ombygging av deler av u-etg., 1., 2. og 3. etasje i det eksisterande bygget. Det store fagbiblioteket vert førebels flytta til studiestad Carl Berner, for sidan å opnast i nye lokale ved byrjinga av 2006.

Mars

Verdsstjerna og tidlegmusikksperten Emma Kirkby (sopran) gjestar musikkhøgskolen i samarbeid med *Oslo Internasjonale Kyrkjemusikkfestival* og held meisterklassar.

Gustav Mahler sin 8. symfoni vert framført 17. og 18. mars i Oslo Konserthus, under leiing av den finske dirigenten Leif Segerstam. Samarbeidspartnarar er musikkhøgskolen, Kringkastingsorkestret og Oslo-Filharmonien, ved sidan av Ensemble 96 og fleire barnekor. Åtte internasjonale songsolistar toppar det heile. Symfonien vert framført i Oslo Konserthus for to fulle hus med over 500 musikarar og songarar på scena.

April

Diplomstudent og hornist Stefán Jón Bernharðsson frá Island vann årets *ConocoPhillips musikkstipend* under eit større arrangement på musikkhøgskolen.

Mai

Japans mest kjende studentmusikkfestival, *Kyoto International Music Students Festival*, har særskilt fokus på Noreg. Fire musikkstudentar frå Noreg er inviterte til denne festivalen, i selskap med andre studentar frå 10 av verdas aller fremste musikkakademi. Noregs musikkhøgskole stiller med festivalens solist, dirigent, konsertmeister og komponist.

Juni

Ny styringsstruktur vert vedteken av Styret, med rektor, prorektor og tre styrande utval i den faglege leiinga, med verknad frå 1.1.2006.

Juli

Bachelorstudent på hardingfele Gjermund Larsen får Kongepokalen under årets *Landskappleik*.

August

Amanuensis og pianist Lars Haugbro forsvarar 9. august sitt doktorarbeid *Tempo Fluctuations in the Performance of Joseph Haydn's Keyboard Sonata in F Major* ved Cornell University i USA.

Stipendiat og organist Halgeir Schiager gjev ut sin 4. CD i ei serie med musikk av den tsjekkiske komponisten Petr Eben.

September

Professor og cellist Aage Kvalbein gjev ut albumet *Ten Norwegian Short Stories* med eit knippe verk skrivne for Kvalbein av ti norske komponistar.

Festivalen *Ung Nordisk Musikk 2005* går av stabelen i Helsinki. Frå Noreg har sju norske komponistar komme gjennom juryens nålauga, fire av dei er studantar ved musikkhøgskolen.

Pandit Shivkumar Sharma - den indiske santoor-meisteren - gjestar musikkhøgskolen for å læra musikkstudentane løydomane i indisk musikk og rytmer gjennom ei prosjektveke. Pandit Shivkumar Sharma er i dag ein av den klassiske indiske musikkens store meistarar.

Oktober

Den amerikanske saksofonisten Sonny Simmons gjestar musikkhøgskolen med meisterklassar. Sonny Simmons vert gjerne omtala som ein "levande legende". Han har djupe røter i den amerikanske jazzen og vert rekna som ein av dei mest betydningsfulle fri-jazzsaksofonistar frå 60-talet.

Mastergradsstudent og sopran Ingeborg Dalheim vann publikumsprisen i den prestisjetunge songkonkurransen *Vie Concours de Chant Baroque de Chimay* (Belgia).

Det vert halde eit internasjonalt seminar med foredrag og meisterklassar i samarbeid med Ultima-festivalen. Vokalsekstetten Nordic Voices står i fokus. Til grunn for prosjektet er professor Lasse Thoresens forskingsprosjekt *Concrecence*, som har som utgangspunkt å spreia kunnskap om eksisterande vokale tradisjonar. Forskingsprosjektet skal òg skapa nye musikkuttrykk mellom ein kombinasjon av den klassiske vestlege songteknikk med mongolsk overtonesong ("difonisk song") og norsk kveding.

Professor Nils E. Bjerkestrand gjev ut den musikkvitenskaplege teoriboka *Fra Debussys fødsel til Schönbergs død. Om veiskiller i komposisjonshistorien*.

I regi av Nordplus-nettverket vert det arrangert eit fem dagar langt orgelseminar med 12 nordiske studantar og lærarane deira i Kongsberg. Byen har Nordens største restaurerte barokkorgel, bygt i 1765 av tyske Gottfried Heinrich Gloger. Instrumentet er i fokus, med musikk frå den Nordtyske tradisjonen.

November

Mastergradstudent og dirigent Anine Kruse får prisen som beste dirigent under *15th International festival of Advent and Christmas Music* i Praha, Tsjekia i ein konkurranse med 56 kor frå heile verda. Kruse deltek med koret Bærum Vokalensemble.

Professor og pianist Einar Steen-Nøkleberg gjev ut ein CD med verdspremiere av Thomas D. A. Tellefsens to klaverkonserter saman med Trondheim Symfoniorkester og dirigent Terje Mikkelsen.

På Parkteatret Scene på Grünerløkka set 50 studantar og lærarar frå jazz- og folkemusikkmiljøet kvarandre i stemme i rame av konserten *"Hardkår"*. Noregs største studiemiljø innanfor jazz/improvisasjon og folkemusikk byr på eit program som spenner frå lydarslåttar til hardcore frijazz.

Desember

Mastergradstudentane Morten Qvenild (piano), Roger Arntzen (kontrabass) og Pål Hausken (trommer) i jazztrioen *"in the country"* vert plasserte på det musikalske kartet med strålende kritikkar av sitt album *this was the pace of my heartbeat* i jazzmagasin og aviser i Europa og USA. Av amerikanske Jazztimes vert albumet kåra til ei av dei 50 beste jazzutgjevingane i 2005.

Årsrekneskap 2005

18

Resultatrekneskap

(Beløp i NOK 1000)

	Note	2005	2004
Tilskot frå UFD, andre departement og statlege etatar	1	155 507	124 594
Tilskot frå NFR	1	0	0
Inntekt frå ekstern finansiert verksemd	1	2 549	1 949
Sal av eigedom, utstyr og liknande	1	300	0
Andre inntekter	1	1 844	1 801
Sum driftsinntekter		160 200	128 344
Lønskostnader	2	- 83 358	- 79 659
Investeringar og påkostnader	3	- 1 593	- 657
Andre driftskostnader	4, 9	- 43 729	- 40 813
Sum driftskostnad		- 128 679	- 121 130
Driftsresultat		31 520	7 214
Netto avrekning løyvingfinansiert verksemd (BFV)	15	- 31 490	- 6 554
Netto avrekning øymerka midlar til BFV-prosjekt	15	- 30	0
Resultat etter avrekning løyvingfinansiert verksemd (BFV)		0	660
Netto finansinntekt/(-kostnad)	5, 12	0	- 5
Ordinært resultat		0	655
Ekstraordinær inntekt		0	8 467
Ekstraordinær kostnad		0	- 9 121
Sum ekstraordinære postar	6	0	- 655
Resultat frå årets verksemd		0	0

Balanse

(Beløp i NOK 1000)

	Note	2005	2004
Eigendeler			
Kundefordringar	9	128	367
Prosjektfordringar	10	98	42
Andre fordringar	11	5 324	411
Bankinnskot, kontantar og liknande	12	56 568	21 574
Sum eigendeler		62 118	22 394
Eigenkapital og gjeld			
Avsett andel midlar løyvingfinansiert verksemd (BFV)	15	38 074	6 554
Sum avsetningar for forpliktingar		38 074	6 554
Leverandørgjeld		8 170	1 945
Skuldige skattetrekk		2 990	3 119
Andre skuldige offentlege trekk		317	190
Skuldige offentlege avgifter	13	3 640	2 591
Avsette feriepengar		6 785	6 539
Prosjektgjeld	10	654	895
Annan kortsiktig gjeld	14	1 487	562
Sum gjeld		24 044	15 840
Sum eigenkapital og gjeld		62 118	22 394

Kontantstrømoppstilling

(Beløp i NOK 1000)

	2005	2004
Driftsresultat	0	660
Kostnadsføring av driftsmidler	- 1 593	- 657
Endring i beholdinger	0	0
Endring i kundefordringer	239	- 367
Netto endring prosjektfordringer/-gjeld	- 298	853
Endring i leverandørgjeld	6 225	1 945
Endring i andre tidsavgrensingsposter	- 2 693	12 589
(A) Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter	1 881	15 023
(Investering)/sal av aksjer		
Kostnadsføring av driftsmidler	- 1 593	- 657
(B) Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter	- 1 593	- 657
Endring avsett andel midlar løyvingsfinansiert verksemd (BFV)	31 520	6 554
Netto finansinntekt/(-kostnad)	0	- 5
(C) Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter	31 520	6 549
Sum ekstraordinære poster	0	- 655
(D) Netto kontantstrøm andre endringer	0	- 655
(E) Netto endring i bankinnskot, kontantar og liknande (A-B+/-C+/-D)	34 993	21 574
(F) Behaldning av bankinnskot, kontantar og liknande ved byrjinga av perioden	21 574	0
Behaldning av bankinnskot, kontantar og liknande ved slutten av perioden (F+/-E)	56 568	21 574
Spesifikasjon av kontantbeholdninga ved periodens slutt:		
Innskot statens konsernkonto (ikkje renteberande)	56 568	21 574
Andre renteberande bankinnskot	0	0
Handkassar og andre kontantbeholdningar	0	0
Sum bankinnskot og kontantar	56 568	21 574

Notar

Note 0 Rekneskapsprinsipp

Anvendt rekneskapsprinsipp

Frå og med rekneskapsåret 2004 har Noregs musikkhøgskole vore unntekte frå bruttobudsjetteringsprinsippet. Som nettobudsjettert statsinstitusjon er årsrekneskapslova for 2005 sett opp etter mal frå rekneskapslova og god rekneskapskikk, tilpassa universitets- og høgskolesektoren.

Inntekter

Tilskot frå UFD, andre departement og statlege etatar vert inntektsførte i den perioden tilskotet vert motteke. Øvrige inntekter vert resultatførte i den perioden retten til inntekta er opptent.

Det statlege løyvingreglementet tilseier at den delen av det statlege tilskotet som ikkje er nytta ved rekneskapsavslutninga, er å rekna for ei forplikting. Ved årsavslutninga gjennomførest ei avrekning av mottekte midlar mot faktisk nytta midlar. Midlar som ikkje er nytta vert førte som forplikting i balansen.

Kostnader

Kostnader vert resultatførte i den perioden dei er pådregne eller når det er identifisert ei forplikting.

Prosjekt

Inntekter knytt til prosjekt innanfor eksternt finansiert verksemd (EFV) vert inntektsførte gjennom saldering av aktive prosjekt. Denne metoden tilseier at påløpne kostnader tilsvarar framdrifta i prosjektet. Dette gjev ei periodisering som tilsvarar løpande avrekning utan fortjeneste.

Det vert ikkje gjort noka generell vurdering tilknytt latente tap i aktive prosjekt. Eventuelle tap vert som hovudregel kostnadsførte ved endeleg konstatering av eventuell underdekning i prosjektet når prosjektet vert avslutta.

For aktive prosjekt der det er konstatert sannsynlege tap, vert det avsett for latente tap.

Investering og påkostningar

Investering og påkostningar i eigedom, bygg og utstyr vert ikkje balanseførte i rekneskapslova. Slike anskaffingar vert kostnadsførte fortløpande. Balanse- og resultatrekneskapslova inkluderer difor høvesvis ikkje driftsmidlar og avskrivningar. Investeringar vert definerte som anskaffingar større enn 30 000 kroner og med ei levetid utover tre år.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Eigendeler som er tilknytte varekrinsløpet er klassifiserte som omløpsmidlar. Fordringar vert klassifiserte som omløpsmidlar om dei skal attendebetalast i løpet av eitt år etter utbetalingstidspunktet. For gjeld er analoge kriterier lagde til grunn.

Omløpsmidlar vert vurderte til lågaste anskaffingskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppførte i balansen til pålydande etter frådrag for tap. Det er gjort frådrag for tap i samsvar med reglane i Statens økonomireglement. I tillegg er det gjort uspesifisert avsetjing for å dekkja venta tap.

Interne transaksjonar

Alle vesentlege interne transaksjonar og mellomverande er eliminerte i finansrekneskapslova.

Pensjonar

Dei tilsette er tilknytt Statens pensjonskasse (SPK). Det er ikkje gjort berekning eller avsetjing for eventuell over-/ underdekning i pensjonsordninga. Årets pensjonskostnad tilsvarar årleg premie til SPK.

Valuta

Pengepostar i utanlandsk valuta er vurderte etter kursen ved slutten av rekneskapsåret.

Ekstraordinære postar

Transaksjonar som vert rekna som uvanlege, uregelmessige og vesentlege vert klassifiserte som ekstraordinære.

Eigenkapital

Universitet og høgskular kan berre opptena eigenkapital innanfor den eksternt finansierte verksemda (EFV). Unytta midlar innanfor den løyvingfinansierte verksemda (BFV) vert sett som ei forplikting, med tilvising til gjennomføring av statsoppdraget.

Kontantstraum

Kontantstraumoppstillinga følgjer den direkte metoden. Oppstillinga er likevel vesentleg tilpassa universitet- og høgskolesektoren. Tilpassinga er i første rekkje tilknytt prinsippet om kostnadsføring av investeringar og at sektoren ikkje har noka form for finansiering gjennom lån.

Kontoplan

Samtlege universitet og høgskular nyttar NS 4102 som utgangspunkt for sin interne kontoplan. Det er gjort tilpassingar innfor kontoklasse 4 som følgje av at investeringar vert kostnadsførte fortløpande. Anskaffingar som etter rekneskapslova ville vorte balanseførte, vert kostnadsførte i kontoklasse 4.

Note 1 Spesifikasjon av driftsinntekter

(Beløp i NOK 1000)

	2005	2004
Årets tilskot frå UFD	154 682	123 783
Årets tilskot frå andre departement	825	811
Årets tilskot frå UFD, andre departement og statlege etatar	155 507	124 594
Årets tilskot frå NFR	0	0
Inntekt frå eksternt finansiert verksemd (EFV):		
Statlege etatar	950	576
Kommunale og fylkeskommunale etatar	13	35
Organisasjonar	0	236
Næringsliv/privat	148	100
EU	441	915
Andre	997	87
Sum inntekt frå eksternt finansiert verksemd (EFV)	2 549	1 949
Sal av eigedom, utstyr og liknande*		
Sal av utstyr (flygel)	300	
Sum sal av eigedom, utstyr og liknande	300	0
Andre inntekter:		
Inntekter frå kurs/seminar	282	239
Salsinntekter (kompendier, kopiering, nøklar)	64	116
Konsertinntekter	63	152
Refusjon løn	312	273
Samarbeidsprosjekt Skoleetaten i Oslo	150	150
Samarbeidsprosjekt Mastergrad Sogn og Fjordane	41	130
Refusjon av opprykksbedømming	122	83
Andre driftsinntekter/refusjonar	578	611
Øvrige inntekter	232	47
Sum andre inntekter	1 844	1 801
Sum driftsinntekt	160 200	128 344

Note 2 Lønnskostnader, antal ansatte mm.

	2005	2004
Løn	- 58 189	- 57 738
Feriepengar	- 7 078	- 6 833
Arbeidsgjevaravgift	- 9 817	- 9 716
Pensjonskostnader	- 6 911	- 6 637
Sjukepengar og andre refusjonar	1 195	2 724
Andre ytingar	- 2 270	- 2 049
Periodisering av løn	- 287	590
Sum lønskostnader	- 83 358	- 79 659
Gjennomsnittleg antal årsverk i løpet av rekneskapsåret	144,68	143,33

Note 3 Investeringar og påkostnader av driftsmidlar

Som følge av statens økonomireglement vert alle anskaffingar og påkostnader kostnadsførte løpande. Anskaffingar med ein kostpris større enn kr. 30.000 enkeltvis og med ei levetid utover 3 år vert sett på som investeringar. Vedlikehald og mindre investeringar og påkostnader vert kostnadsførte som andre driftskostnader.

	2005	2004
Teknisk data og undervisningsutstyr	- 1 226	- 336
Anleggsmaskinar og transportmidlar	0	- 320
Kontormaskinar og anna inventar	- 367	0
Sum investeringar og påkostnader av driftsmidlar	- 1 593	- 657

Note 4 Andre driftskostnader

	2005	2004
Husleige	- 22 859	- 22 830
Andre kostnader til drift av eigedom og lokale	- 7 045	- 5 735
Mindre utstyrsanskaffingar	- 1 472	- 1 518
Konsulentar og andre kjøp av framandytingar	- 3 262	- 2 540
Reiser og diett	- 2 885	- 2 515
Kostnader til tele og data (ikkje utstyrsanskaffingar)	- 871	- 866
Andre kontorkostnader	- 966	- 1 084
Øvrige driftskostnader	- 4 496	- 3 598
Periodisering driftskostnader	127	- 127
Sum andre driftskostnader	- 43 729	- 40 813

Note 5 Netto finansinntekt/(-kostnad)

	2005	2004
Finansinntekter	0	0
Annan finansinntekt (agio)	0	0
Sum finansinntekter	0	0
Finanskostnader		
Rentekostnad	0	- 1
Annan finanskostnad	0	- 4
Sum finanskostnader	0	- 5

Note 6 Ekstraordinære postar

	2005	2004
Ekstraordinære inntekter		
Inntekter opptente i 2003 bokførte i 2004	0	300
Kompensasjon feriepenger	0	7 900
Opgjer SPK for 2003	0	267
Sum ekstraordinære inntekter	0	8 467
Ekstraordinære kostnader		
Driftskostnader påløpne i 2003, bokførte i 2004	0	- 1 013
Lønnskostnader påløpne i 2003, bokførte i 2004	0	- 700
Investeringskostnader påløpne i 2003, bokførte i 2004	0	- 93
Feriepenger utbetalt i 2004, påløpne i 2003	0	- 6 411
AGA av feriepenger utbetalt i 2004, påløpne i 2003	0	- 904
Sum ekstra ordinære kostnader	0	- 9 121

Note 9 Kundefordringar

	2005	2004			
Kundefordringar til pålydande	128	367			
Avsett til latent tap	0	0			
Sum kundefordringar	128	367			
Kostnadsført tap utgjær	- 185	-			
Aldersfordeling kundefordringar:					
Antal dagar:	Ikke forfalt	1-30	31-60	> 360	Sum
Sum kundefordringar pr. 31.12.05:	29	94	5	128	

Note 10 Prosjektfordringar/-gjeld

	2005	2004
Påløpt, ikkje fakturert inntekt aktive prosjekt	98	42
Forskotsfakturert inntekt aktive prosjekt	- 654	- 895
Netto prosjektfordring/(-gjeld)	- 555	- 853

Aktive prosjekt er nullstilte, slik at bidraget pr 31.12 for aktive prosjekt utgjær kr. 0. Påløpne kostnader er nytta som estimat på framdrifta i prosjektet. Dette prinsippet er valt som ei tilnærming til løpande avrekning utan forteneeste, då høgskolen ikkje har verkty som gjer det mogleg å vurdere status i det enkelte prosjekt løpande ved gjennomføring av prosjektet. Det er ikkje gjort ei generell vurdering knytt til latente tap i aktive prosjekt. Eventuelle tap vert kostnadsførte som hovudregel ved endeleg konstatering av eventuell underdekning i prosjektet. Tap er først kjent ved avslutning av prosjektet.

Noregs musikkhøgskole har berre eksternt finansierte bidragsprosjekt. Bidragsprosjekt er prosjekt der høgskolen hentar stønad frå eksterne bidragsytarar, utan konkrete krav til leveransar.

Det er ikkje krav om fullfinansiering av slike prosjekt. NMH vil som hovudregel ha eigeomsretten til resultatet. Tap i denne typen av prosjekt vert sett på som ordinær drift.

Note 11 Andre fordringar

	2005	2004
Fordringar på tilsette:		
Reise- og ekskursjonsforskot	126	81
Andre fordringar på tilsette	80	98
Sum fordringar på tilsette	205	179
Periodiseringar:		
Påløpt, ikkje fakturert/motteke andre inntekter		
Forskotsbetalte husleige	4 888	232
Forskotsbetalte andre kostnader	231	0
Andre periodiseringar		
Sum periodiseringar	5 118	232
Sum andre fordringar	5 324	411

Note 12 Bankinnskot, kontantar og liknande

	2005	2004
Innskot statens konsernkonto (ikkje renteberande)	56 568	21 574
Sum bankinnskot og kontantar	56 568	21 574

Note 13 Skuldige offentlege avgifter

	2005	2004
Skuldig meirverdiavgift	0	0
Skuldig arbeidsgjevaravgift	3 640	2 591
Andre offentlege avgifter	0	0
Sum skuldige offentlege avgifter	3 640	2 591

Note 14 Annan kortsiktig gjeld

(Beløp i NOK 1000)

	2005	2004
Gjeld til tilsette:		
Anna gjeld til tilsette	- 7	34
Sum gjeld til tilsette	- 7	34
Periodiseringar:		
Motteke/forskotsfakturert andre inntekter		
Periodiserte påløpne lønskostnader	397	110
Periodiserte påløpne straumkostnader	511	0
Andre periodiseringar*	244	358
Sum periodiseringar	1 152	469
Øvrig kortsiktig gjeld	342	59
Sum annan kortsiktig gjeld	1 487	562

Note 15 Netto avrekning løyvingfinansiert verksemd

Det statlege løyvingssreglementet tilseier at den delen av det statlege tilskotet som ikkje er nytta ved rekneskapsavslutninga er å sjå som ei forplikting. Tildelte, unytta midlar er avrekna som forpliktingar.

	2005	2004	Endring
Endring avsett del av øyremarka midlar til BFV-prosjekt	30		- 30
Rest disponible midlar	38 044	6 554	- 31 490
Sum avsett del av tilskot til løyvingfinansiert verksemd	38 074	6 554	- 31 520

Det er gjort følgjande interne avsetjingar til dei oppgjevne oppgåver/føremål innanfor statsoppdraget:

	2005	2004	Endring
Andre departement, BFV-prosjekt			
21001 Kyrkje- og kulturdepartementet, Praksisordning kammermusikk	30	0	- 30
Sum BFV-prosjekt	30	0	- 30
Interne prosjekt			
70001 Inventar og utstyr tilbygg	24 859	0	- 24 859
70002 Studietur Wien	53	0	- 53
70003 Satsing på auka kontakt med kultur- og næringsliv	176	0	- 176
92044 Nordisk nettverksmøte FoU	18	0	- 18
Sum interne prosjekt	25 107	0	- 25 107
Andre disponeringar			
Undervisning		1 754	1 754
Utval for utdanningskvalitet	15		- 15
Disputas	150		- 150
Internasjonal profilering gode studentar	90		- 90
Stønad til studenttiltak	80		- 80
Opptak	60		- 60
FoU			0
Faglege reiser (utsett aktivitet)	120		- 120
FoU vikarmidlar	70		- 70
Administrasjon og styring			0
Tiltak for å styrkja økonomistyringa	200		- 200
Tiltak for utåtretta verksemd	70		- 70
Kompetanseutvikling	100		- 100
FoU-rådgjevar	70		- 70
Strategiske tiltak	300		- 300
Reserve (driftsreserve)	1 282		- 1 282
Drift og investeringar			0
Flytting attende av biblioteket, mellombels leige av lokale	1 500	3 800	2 300
Utbetring av plassen på Majorstua	1 300		- 1 300
Investeringar, utsett i påvente av tilbygg	800	1 000	200
Vedlikehald av instrument	240		- 240
Mindre utstyr, tildeling UFD kap 281	1 000		- 1 000
Bygningsdrift, utsetjingar grunna byggjeverksemd	2 354		- 2 354
Sum andre disponeringar	9 801	6 554	- 3 247
Udisponerte midlar ved styret		0	- 3 136
Sum avsett del av tilskot til løyvsfinansiert verksemd (BFV)	38 074	6 554	- 31 520

Revisjon av rekneskaper for 2005 for Noregs musikkhøgskole

I samsvar med lov om Riksrevisjonen av 7. mai 2004 er Riksrevisjonen revisor for Noregs musikkhøgskole.

Ved avslutning av den årlege revisjonen utferder Riksrevisjonen eit avsluttande revisjonsbrev (melding) som oppsummerar konklusjonane frå revisjonsarbeidet. Revisjonsbrevet vert først offentleg når Riksrevisjonen har rapportert om resultatet av revisjonen til Stortinget i oktober/november, jf. lov om Riksrevisjonen § 18.

Styret og eventuelt generalforsamlinga er orienterte om resultatet av årets revisjon.



Norges musikkhøgskole
Pb. 5190, Majorstua
0302 OSLO

Besøksdresse: Slemdalsveien 11

Tlf. + 47 2336 7000
Fax: +47 2336 7001
mh@nmh.no
www.nmh.no

Design: Creuna Design AS
Foto: Kjetil Alsvik / ConocoPhillips
Marius E. Hauge / NMH (side 3)
Trond Husebø (side 6)
Trykk: LOS-grafisk, Larvik